



Rambøll AS
Hoffsveien 4
0213 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2072 - 18/22311

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
23.10.2018

Godkjenning - GBNR 24/5 - Dispensasjon frå KPA og løyve til plassering av aggregat for nødstraum

Administrativt vedtak. Saknr: 284/2018

Tiltakshavar: Norkring AS
Ansvarleg søkjar: Rambøll Norge AS
Søknadstype: Søknad om dispensasjon og løyve i eitt trinn til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Ved søknad journalført motteke 22.08.2018, revidert 18.10.2018, er det søkt om dispensasjon og løyve til oppføring av aggregat for levering av nødstraum ved eksisterande telekommunikasjonsanlegg på Storeknappen ved Frekhaug.

Revidert situasjonsplan:



VURDERING:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsling og privatrettslege høve:

Det blir ikkje vurdert som aktuelt å nabovarsle tiltaket, jf pbl § 21-3, 2. ledd. Det ligg føre avtale med grunneigar.

Høyring og klagerett for sektormynde:

Søknaden har vore sendt på høyring til fylkesmannen og fylkeskommunen. Det er ikkje motteke merknader. Kommunen sitt vedtak skal likevel sendast sektorstyresmaktene for klagevurdering. Vedtaket er ikkje endeleg før klagefristen på 3 veker er gått ut.

Plan- og lovgrunnlag:

Omsøkt tiltak ligg i LNF-område i kommuneplanen sin arealdel og krev dispensasjon. Tiltaket er vidare søknadspliktig med krav til ansvarsrettar, jf pbl kap 20.

Dispensasjon:

Både heimel og vilkår for dispensasjon følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2. I tillegg til vilkåra i denne lovføresegna skal det under sakshandsaminga takast omsyn til den generelle føremålsføresegna i pbl § 1-1.

Dei to grunnvilkåra for å gi dispensasjon er at omsyna bak føresegna det blir dispensert frå ikkje blir vesentleg sett til side og at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Med tilvising til grunngjevinga i dispensasjonssøknaden finn administrasjonen at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt i saka. Plasseringa av aggregatet er endra i samråd med tenesteområde Kultur i Meland kommune. Tiltaket kjem ikkje i vesentleg konflikt med friluftssinteressene i området og endrar ikkje arealbruken på staden. Tiltaket er hensiktsmessig og viktig for å sikre drift av telekommunikasjonsanlegget i periodar utan elektrisitet.

Med tilvising til ovannemnde konkluderer administrasjonen med at vilkåra for dispensasjon er oppfylt, jf pbl § 19-2.

Plassering og utforming:

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og denne blir godkjent som omsøkt. Tiltaket skal etablerast i samsvar med innsendt informasjon og plasserast som vist på revidert situasjonskart journalført motteke 18.10.2018.

Ansvar:

Ansvar i saka gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå arealformålet LNF i kommuneplanen sin arealdel for etablering av aggregat for nødstraum på gbnr 24/5 i samsvar med søknad journalført 22.08.2018, supplert 18.10.2018.

Vidare gir Meland kommune i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf § 21-4, løyve til etablering av aggregat for nødstraum på gbnr 24/5 i samsvar med søknad journalført 22.08.2018. Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 18.10.2018. Ansvar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor. Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

E3 Aggregat
D1 Situasjonsplan_rev1

Mottakere:
Rambøll AS

Hoffsveien 4

0213

OSLO